




Statens
arbeidsmiljøinstitutt



Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Deres ref 2006/03495 KU/KU3 IE:kdp
Vår ref. 200600448-2/SLB/aka/008
Vår saksbehandler: Sture Len Bye, sture.bye@stami.no, tlf 23 19 51 64


Dato
12.06.2006

Høyringsvar – utkast til endringar i forskrift 5. desember 1980 nr. 4938 om målbruk i offentleg teneste.

Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI) har motteke høyringsbrev og ønskjer med dette å gje fråsegn om saka.

STAMI kommenterer endringsframlegga fortløupande. Fyrst kommenterer STAMI høyringsbrevets innhald då det gjer føringar for endringsforslaga som senare kjem i dei enkeltstående forslaga til endringar. Til dei enkeltstående forslaga til endringar utgreiar STAMI eigne kommentarer.

Med helsing



Sture Bye
Kommunikasjonsdirektør

Generelt

Vekslingsrutinane og hvilke dokument som kommer inn under vekslingskravet

For organisasjonane som publiserer nyhende og kommentarer som oftast er kortare enn ei side, vil reknemåten Språkrådet nyttjar, og som dei føreslår nyttjad vidare, gje moglege feilutslag gjennom lågare prosentdel enn faktisk prosentdel.

STAMIs hovudsaklege formidling av nyhende gjerast gjennom nyhendeteneste og – melding og faktaark. Dei er ½ - 1 side (nyhende) og frå 1 - 4 sider (faktaark). Ein reknemetode som Språkrådet anbefaler å nyttja kjem ikkje til å fange opp forholda mellom målforma – uavhengig kva målform ein nyttjar.

Ei slik rapporteringsform i kombinasjon med kontrollrutinar som gjeld ikkje/ikke og frå/fra vil då kunne gje eit feilaktig bilde av korleis statsorgana dekkjer dei ulike målformene.

Endringsspesifikt

Framlegg til nye forskriftsreglar – 4.1 Vekslingsrutinar

STAMI setter eit spørsmålsteikn ved om interne rutiner og/eller instruks i statsorgana vil fremje ei betre balanse mellom målformane og om ein instruks kommer til å avhjelpe lovlydnaden. Vi ser ein utviding av forskrifta som ei byråkratisering av lov og forskrift.

Eit nytt tilsynsorgan – endringar i §1

Språkrådet viser til etablert praksis sidan 1994 og foreslår difor att også Språkrådet og ikkje berre departementet kan føre tilsyn med målbruksreglane, og at det blir presisert i forskrifta.

Med dette kan det verka som om Språkrådet ønskjer auka styresmakt som tilsyns- og kontrollinstans utøver Språkrådets någjeldande vedtekter.

Ein kan spørja seg om det er eit riktig fokus når ein skal fungere som eit kompetansesenter og gje råd og rettleing i språklege spørsmål snarare enn driva ei utauka kontrollverksemd.

Er det sunn forvaltning at ein rådgjevande organisasjon som arbeider for stimulera språkleg kvalitet og aktivt fremja bruk av norsk språk som ein funksjonell reiskap i alle delar av samfunnet og formidla verdien av norsk språk som ein innebygd del av norsk kulturarv og skal vera ein kontrollleinheit og ein tilsynsorganisasjon?

Endringer i rapporteringsrutiner - §6

STAMI gjer si støtte til endringane av §6 fyrste led.

I forslag til endring i andre ledd setjer STAMI eit spørsmålsteikn ved det som kan sjå ut som eit underliggjande ønskje om auka kontroll- og tilsynsrolle.

Ei fastsetting av interne instruksjer for veksling mellom målformane ser Statens arbeidsmiljøinstitutt som forvanskende byråkrati ut over den fastsatte årlige rapportering som er definert i §6; ei rapportering som skal være felles for alle berørte.

I forslag til endring av § 6 led 3 defineres plikten til å sende inn målbruksrapport årleg. Dette er ein definisjon Statens arbeidsmiljøtilsyn gjer si støtte.

Ei oppfølging av målbruken bør skje i gjennom rådgjeving, nyttjande av språk og dialog, ikkje i form av utauka kontroll og tilsynsmyndighet. Ei årleg rapportering må vera tilstrekkeleg som svar på Språkrådets, gjennom erfaring, tileigna rolle som tilsynsmyndighet.

Eit felles rapporteringssystem som byggjer på dei same, godt definerte og kommuniserte kontrollrutinane, er ein fordel for den årlege rapporteringa. Det er også noko STAMI ser som godt innafor ei endring av §6 tredje led.

Innafor eit felles rapporteringssystem er det viktig å komme overeins om kva som skal rapporterast og kva som kommer inn i dei enkelte definisjonane. Eit eksempel på ei uklårhet er 'tekst'. Kva gjer ein tekst til ein tekst i rapporteringssamanhang? Det er og viktig å einast om kva som ligg i begrepet kontroll og kva som leggjast til grunn for ein kontroll.

Eit felles rapporteringssystem skal svara på §6 led 3 men, bør likevel ikkje gje grunn til utauka kontroll- og tilsynsmyndighet til Språkrådet – ref forslag til endring i § 1.